

Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Sakshandsamar: Lárus Thór Kristjánsson
Telefon: 46814859
Seksjon: Kyst- og havbruksavdelingen
Vår referanse: 14/10718
Dykkar referanse: 2013/4672
Vår dato: 19.09.2014
Dykkar dato: 21.08.2014

Att:

HØYRINGSUTTALE TIL SYDVARANGER GRUVE AS SIN SØKNAD OM MELLOMBELS HØVE TIL AUKA BRUK AV KJEMIKALIAR UT ÅRET 2014

Vi syner til tidlegare korrespondanse om saka.

Vi vil takke Miljødirektoratet for å gje oss lengre høyringsfrist i nemnte sak.

I vår uttale til Sydvaranger gruve AS sin søknad om mellombels høve til auka bruk av PolyDADMAC for 2013 innleia vi vår uttale slik. "Fiskeridirektoratet er sektorstyresmakt for to viktige primærnæringar i Noreg, fiskeri- og akvakulturnæringane. Både næringane treng produksjonsareal og –miljø som er fri for farleg eller potensielt farleg ureining. Vi er også opptekne av at sjøareala ikkje vert nytta slik at økosystema vert skada og eventuelt bryt saman. Difor vil vi at norske styresmakter konsekvent handsamar søknader som inneber deponi i sjø med varsemnd". Uttalen over er like aktuell i dag som i november 2013.

Vi merkar oss at verksemda ynskjer å få handsama mellombels auke i bruken av kjemikaliar nytta i gruedrifta. For 2014 ber Sydvaranger gruve om auke på 5 tonn av vasshandsamingskjemikalien polyDADMAC, slik at den totale mengden som vert brukt vert 15 tonn.

Vi har bedt Havforskningsinstituttet om faglege råd i samband med Sydvaranger gruve AS sitt ynskje om auka utslepp av polyDADMAC.

I utgangspunktet er Havforskningsinstituttet uroa over utslepp av store mengder polykationer. Desse er sterkt giftige for vasslevande organismar. Når det er sagt syner ulike granskingar at polyDADMAC er særst sterkt bundet i sedimenta og har dermed særst lang levetid og opphopping i naturen. Instituttet peikar også på at Miljødirektoratet sin forgjengar SFT har klassifisert stoffer med same kjemikalske eigenskapar som "raude kjemikaliar". Dette er omtala i St.melding nr. 26. I meldinga

står "Kjemikalier som inneholder et eller flere miljøfarlige stoffer i SFTs røde kategori, skal prioriteres spesielt for substitusjon. Dette er stoff som brytes sakte ned i marint miljø, viser potensial for bioakkumulering og/eller er akutt giftige". Med utgangspunkt i dette bør Sydvaranger gruve verte pålagt å finne eit midre skadeleg substitutt eller vente med utvinning av malm til slikt kjemikalie er på marknaden. I uttalen er instituttet også skeptisk til dei utlekkingsstestar som er gjennomførte. Det verkar slik at dette knytt seg spesielt til mangel på kommersielle analysemetodar. Med utgangspunkt i det burde ein vente med å tillate så konstant bruk av stoffet og då spesielt med omsyn til "føre – var - prinsippet" i norsk miljøforvaltning.

Med omsyn til ovannemnte er det rimeleg tvil om bruken av polyDADMAC er miljømessig forsvarleg.

I Havforskningsinstituttet sitt fråseng frå 2012 og 2013 har de rådd til ytterste varsemnd i bruken av polyDADMAC. Havforskningsinstituttet omtala også i fråsegna frå 2013 miljøovervakinga av Bøkfjorden frå 2011. (NIVA rapport 6310-2012). Her har NIVA dokumentert at botnforholda er særst dårlege og heilt dominert av gruveslam innanfor Reinøy. I dette området av fjordsystemet er det meste av organismar på botn vekke. Vidare utover i fjorden vert partiklar frå utsleppa også registrerte. Desse er i slike mengder at dei i dag representerer negativ påverknad for økosystema i fjorden. Vi trur ikkje at tilhøva frå 2011 har vorte betre ved konstant auke i bruk av polyDADMAC i fjordsystemet.

Bøkfjorden er en nasjonal laksefjord. Ved gjennomgang av vår kartløyising kan det dokumenterast at det er fiskeplassar for reker i fjorden. Det er registrert førekomstar av kuskjel (*Arctica islandica* L. 1767) i ytre delar av fjorden. Ved Blåsenborgneset vis a vis Kirkenes er det gjeve løyve for slaktemerd for laks, aure og regnbogeare.

Konklusjon

Med utgangspunkt i ovannemnte, vil vi rå Miljødirektoratet til å gje avslag på Sydvaranger gruve AS sitt ynskje om auka bruk av polyDADMAC i avfallshandtering av gruvemassar som vert deponert i Bøkfjorden.

Havforskningsinstituttet som er nasjonal faginstitusjon på havmiljø har reist rimeleg tvil om effektane av stoffet på vassmiljøet og økosystema i fjorden.

Når det vert reist tvil om det er riktig å tillate ekstra utslepp av miljøskadelege stoff, vil vi minne om naturmangfaldlova § 8 (*kunnskapsgrunnlaget*) kor det vert sett krav om vitskapleg kunnskap og effekten av påverkingar på naturmangfaldet. Vidare vil vi også syne til § 9 (*føre-var-prinsippet*) i same lov. Her krev lova at om det ikkje er godt nok kunnskapsgrunnlag eller/og det er rimeleg tvil om ei avgjerd kan volde

vesentleg skade på miljøet, skal avgjerda ta utgangspunkt i å hindre skadar på naturmangfaldet.

Med helsing

Jens Christian Holm
direktør

Lárus Thór Kristjánsson
seniorrádgiver

Mottakarliste:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
-------------------	--------------------------	------	-----------

Kopi til:

Liv Holmefjord Region Finnmark	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
-----------------------------------	-------------------------	------	--------

Utviklingsseksjonen	Postboks 185 - Sentrum	5804	BERGEN
---------------------	---------------------------	------	--------

Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
--------------------------	--------------------------	------	--------

Frank Jacobsen
Birgitte Fraas Arstein
Henrik Hareide
Kristin Vassbotten
Vidar Baarøy